



Ove Reidar Fugelsnes  
Alfred offerdalsvei 25 A  
5165 LAKSEVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1905 - 16/20231

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
20.07.2016

## Førebels svar - trong for yttarlegare tilleggsdokumentasjon gbnr 125/1 Kjeilen

Vi viser til dykkar søknad motteke 09.06.16, vårt brev datert 22.06.16 samt, e-post frå dykk datert 24.06.16.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Tiltaket er framleis for dårleg opplyst til at kommunen kan ta stilling til søknaden dykkar.

Eigedomen ligg i område avsett til LNF-føremål i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad (KDP). I pkt. 6.4 i nemnde KDP går det fram at nye tiltak skal innordne seg hovudform på eksisterande bygg. Mindre tiltak skal ha same takvinkel og takform som hovudhuset.

Kommunen har ikkje teikningar på hovudhuset, og de har ikkje dokumentert eksisterande fasadar, takvinkel mv. på eksisterande bustahus på eigedomen.

Vidare har de ikkje levert inn fasade-, snitt- og planteikning som syner korleis «vinterstue» vert knytt til eksisterande bustad.

Med omsyn til eksisterande situasjon så kan det løysast ved å sende inn bilete av bustaden sine fasadar, samt opplyse om takvinkel mv.

Med omsyn til vinterhage og terrasse må det sendast inn fagmessig utførte teikningar som syner tiltaka slik dei vert sjåandes ut etter eit eventuelt løyve. Vi legg ved NKF sin rettleiar med omsyn til utforming av teikningsgrunnlag. Dersom de ikkje sjølv kan utarbeide tilfredsstillande teikningsgrunnlag må de ta kontakt med eit føretak som kan bistå dykk.



Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dokumentasjon på eksisterande bustad i form av fotodokumentasjon evt. fasadeteikningar mv.
2. Plan-, snitt og fasadeteikningar som syner det aktuelle tiltaket som tilbygg til det eksisterande bustadhuset.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 29.08.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

tegninger - hva kreves

### **Mottakarar:**

Ove Reidar Fugelsnes

Alfred offerdalsvei 25 A 5165 LAKSEVÅG